

## Åpning av det 150. storting

President: T h o r b j ø r n J a g l a n d

Mottatt av den dertil oppnevnte deputasjon innfant Hans Majestet Kongen, Hennes Majestet Dronningen og Hans Kongelige Høyhet Kronprinsen seg *tirsdag den 11. oktober kl. 13* i stortingssalen, ledsaget av Regjeringsmedlemmer og en prosesjon av sivile og militære embetsmenn.

Forsamlingen sang første vers av «Kongesangen».

*Hans Majestet Kongens* tale til det 150. storting ved dets åpning:

Ærede President, Folkets representanter.

Jeg hilser det nyvalgte Stortinget velkommen til ansvarsfull gjerning og ønsker at den må bli til gagn for fedrelandet.

Regjeringen har sin verdiforankring i rettsstatens og demokratiets prinsipper og i den kristne og humanistiske kulturarv. Respekten for det enkelte menneske, for menneskeverdet og for menneskerettighetene er grunnleggende.

I år markerer Norge 100 år som uavhengig nasjon. Velferdsnivået er høyere og økonomien er bedre enn noensinne. Det er også våre muligheter til å hjelpe dem som ikke er så godt stilt.

Regjeringen vil trygge og bygge ut velferdsordningene og fortsatt prioritere arbeidet mot fattigdom, både nasjonalt og internasjonalt.

Norges internasjonale engasjement og arbeid for fred, menneskerettigheter og utvikling skal følges opp offensivt.

Det vil bli ført en aktiv miljøpolitikk, basert på prinsippet om bærekraftig utvikling.

Regjeringens hovedmål for den økonomiske politikken er arbeid til alle, økt verdiskaping, rettferdig fordeling og langsiktig bærekraftig utvikling.

Norges olje- og gassformue gir store muligheter, men samtidig et stort forvalteransvar. Regjeringen vil aktivt følge opp de etiske retningslinjene for Statens petroleumsfond.

Petroleumsinntektene skal forvaltes slik at de også kommer senere generasjoner til gode. For å sikre dette er det viktig å følge retningslinjene for en forsvarlig, gradvis innfasing av oljeinntektene i økonomien. Den økonomiske politikken må også ta hensyn til økte utgifter i fremtiden, bl.a. som følge av et økende antall eldre.

Regjeringen fremmer forslag om å opprette Statens pensjonsfond basert på Folketrygdfondet og Statens petroleumsfond.

Arbeidskraften er vår viktigste ressurs. Pensjonssystemet, øvrige velferdsordninger og skattesystemet må derfor stimulere til arbeid. Regjeringen vil følge opp Stortingets vedtak om pensjonsreform. Som ledd i dette har Regjeringen fremmet lovforslag om obligatorisk tjenestepensjon.

Regjeringen viderefører det inntektspolitiske samarbeidet. Moderate lønnsoppgjør er nødvendig for å sikre en fortsatt sterk konkurranseutsatt sektor og lav arbeidsledighet.

Regjeringen vil samarbeide med partene i arbeidslivet om et inkluderende arbeidsliv. Det vil bli lagt frem en stortingsmelding om strategier og virkemidler overfor personer som har problemer med å få fotfeste i arbeidslivet. Dette arbeidet vil også bli styrket gjennom opprettelsen av en ny arbeids- og velferdsforvaltning.

Regjeringen vil legge frem en stortingsmelding om seniorpolitikk.

Regjeringen vil gjennomføre skattereformen. Målet er et bedre og mer rettferdig skattesystem som bidrar til økt verdiskaping.

Arbeidet med modernisering og forenkling av offentlig sektor skal fortsette. Brukerretting, økt valgfrihet og bruk av ny teknologi er sentralt i dette arbeidet.

Regjeringen verdsetter og vil sikre gode vilkår for frivillig arbeid, og vil øke skattefradraget for gaver.

Regjeringen vil følge opp kulturmeldingen og legge til rette for et aktivt og engasjerende kulturliv.

Regjeringen ønsker et åpent samfunn og vil legge til rette for dialog mellom ulike religioner, nasjonalt og internasjonalt. Folkekirken skal styrkes og trosopplæringsreformen videreføres.

Regjeringen vil oppfylle Norges internasjonale forpliktelser overfor urfolk og nasjonale minoriteter. Finnmarksloven skal gjennomføres. Avtalen om konsultasjoner mellom Sametinget og Regjeringen vil bli fulgt opp.

Arbeidet med å integrere og inkludere innvandrere og deres etterkommere skal intensiveres. Regjeringen ønsker en samfunnsgagnlig og styrt innvandring. Det skal gis beskyttelse til mennesker som trenger det. Arbeidet for å forhindre tvangsekteskap og kjønnslemlestelse skal fortsette.

Regjeringen vil gi barnefamiliene trygghet og økt valgfrihet, bl.a. gjennom gode permisjonsordninger, kontantstøtten og barnehagesatsingen. Det vil bli lagt frem en stortingsmelding om evaluering av barnebidragsreformen.

Regjeringen viderefører arbeidet med å bekjempe vold i nære relasjoner.

Forebyggende innsats for utsatte barn og unge skal styrkes. Det tverrfaglige samarbeidet mellom barnevernet og andre tjenestetilbud for barn, unge og familier skal videreutvikles.

Regjeringen vil videreføre arbeidet for likestilling. Fra 1. januar etableres et nytt, felles håndhevingsapparat mot diskriminering.

Helsetilbudet skal bygges videre ut, med særlig vekt på behandling av psykisk syke og rusavhengige.

Satsingen på forebyggende helsearbeid vil bli videreført, bl.a. gjennom handlingsplanen for fysisk aktivitet, bedret smittevern og forebyggende tiltak mot tobakk.

Det vil bli lagt frem en stortingsmelding om fremtidens pleie- og omsorgstjenester, der økt kapasitet og bedre kvalitet blir viktige temaer.

Regjeringen har satt i gang en bred evaluering av sykehusreformen som skal gi en helhetlig vurdering av helseforetaksmodellens virkemåte, egnethet og resultater.

Arbeidet for likestilling og økt tilgjengelighet for funksjonshemmede skal videreføres.

Regjeringen har en aktiv tilnærming til de utfordringene som ble drøftet ved behandlingen av stortingsmeldingen om makt og demokrati. Det skal gjennomføres en utredning av konsekvensene av å grunnlovfeste det lokale selvstyret.

Regjeringen vil styrke utredningsprosessen i arbeidet med internasjonale traktater.

Arbeidet med utvikling og modernisering i kommunesektoren vil bli videreført. Fortsatt modernisering er en forutsetning for gode og trygge velferdsordninger fremover.

Regjeringen vil fremme forslag til nye bestemmelser om interkommunalt samarbeid i kommuneloven. I tillegg vil det bli fremmet en proposisjon med forslag til endringer i andre deler av kommuneloven, bl.a. om direkte valg av ordfører.

Målet for regionalpolitikken er å ta vare på hovedtrekkene i bosettingsmønsteret og å utløse verdiskapingspotensialet i alle deler av landet. Regjeringen vil legge frem en hovedstadsmelding.

Det vil bli lagt til rette for en god gjennomføring av Kunnskapsløftet i grunnopplæringen. Kompetanseløftet for skoleledere, lærere og instruktører vil bli videreført. Nye læreplaner skal tas i bruk i grunnskolen og deler av videregående opplæring høsten 2006. Det er satt i gang en bred evaluering av Kvalitetsreformen i høyere utdanning.

Regjeringen vil bidra til et mer læringsorientert arbeidsliv og bedre samarbeid mellom utdanningssystemet og arbeidslivet.

Forskningsinnsatsen skal styrkes. Viktige prioriteringer i årene fremover vil være grunnforskning, innovasjon og internasjonalisering.

Regjeringen vil videreføre en fremtidsrettet næringspolitikk for å legge til rette for innovasjon og omstilling, økt verdiskaping og videreutvikling av velferdssamfunnet. Målet er at Norge skal bli et av verdens mest nyskapende land. Arbeidet med forenkling for næringslivet vil bli intensivert.

Regjeringen vil legge til rette for en bærekraftig og konkurransedyktig marin næring, bl.a. ved å styrke markeds- og forbrukerperspektivet.

Økonomisk utvikling i landbruket og nye markedsbaserte næringer skal sikres ved å ta i bruk landbrukets og bygdens egne ressurser.

Regjeringens mål for petroleumsvirksomheten er å sikre langsiktig ressursforvaltning og verdiskaping på norsk kontinentalsokkel innenfor miljømessig forsvarlige rammer og i sameksistens med andre næringer. Regjeringen vil legge frem en helhetlig forvaltningsplan for Barentshavet og havområdene utenfor Lofoten.

Stortingsmeldingen om sjøsikkerhet og oljevernberedskap vil bli fulgt opp.

Regjeringen vil øke bruken av fornybare energiresurser og naturgass.

De nasjonale virkemidlene for å oppfylle Norges forpliktelse under Kyotoprotokollen skal utvikles videre. Regjeringen vil sette i verk nødvendige tiltak for at Norge skal overholde utslippsforpliktelsene i Göteborgprotokollen innen 2010.

Regjeringen vil prioritere kollektivtransport og miljøvennlig transport. Satsingen på moderne miljøteknologi i transportsektoren vil fortsette. Regjeringen vil arbeide aktivt for bedre fremkommelighet på vegnettet og høyere sikkerhet i alle transportformer.

Regjeringen vil prioritere tiltak for å nå målet om å stanse tapet av biologisk mangfold innen 2010.

Det vil fortsatt bli ført en offensiv politikk for å motvirke nedbygging av strandsonen og for å bedre allmennhetens tilgang. Ved avhending av eiendommer fra Forsvaret skal også friluftslivets interesser tilgodeses.

Regjeringen vil fortsette omstillingen og moderniseringen av Forsvaret. Vår evne til å delta i internasjonale operasjoner og flernasjonale reaksjonsstyrker skal styrkes.

Norges sikkerhet er forankret i et sterkt NATO og et FN med god fredsskapende evne. Regjeringen vil bidra til å styrke deres roller.

Regjeringen vil prioritere de internasjonale operasjonene i Afghanistan, Sudan, Irak og Kosovo.

Regjeringen vil arbeide videre for styrkede internasjonale forpliktelser til ytterligere kjernefysisk nedrustning og for å forhindre spredning av masseødeleggelsesvåpen. På grunnlag av erklæringen fra FN-toppmøtet vil Regjeringen arbeide aktivt for fattigdomsbekjempelse, beskyttelse av sivilbefolkningen i konfliktområder, fredsbygging og reform av FN.

Regjeringen vil videreføre arbeidet med å styrke FN's menneskerettighetsapparat og den internasjonale rettsorden.

På utviklingsområdet vil Regjeringen slette mer gjeld, styrke utviklingsbistanden og bidra til et internasjonalt løft for Afrika. Regjeringen vil legge frem en handlingsplan om miljø i utviklingspolitikken og styrke det internasjonale samarbeidet om naturressursforvaltning basert på prinsippene for bærekraftig bruk.

Regjeringen vil fortsette arbeidet i Verdens handelsorganisasjon for å styrke det multilaterale handelsregelverket. Prioriterte mål i den pågående forhandlingsrunden vil være bedret markedsadgang for norske varer og tjenester og å sikre at forholdene blir lagt til rette for et aktivt landbruk i hele landet. Det vil også bli lagt vekt på å sikre mer rettferdige handelsvilkår for utviklingslandene.

Regjeringen vil fortsette satsingen på nye frihandelsavtaler gjennom EFTA.

Det skal fortsatt føres en aktiv europapolitikk. Gjennom de nye finansieringsordningene under EØS-avtalen vil Norge bidra til sosial og økonomisk utjevning i det utvidede EØS.

Regjeringen vil føre en strategisk og aktiv nordområdepolitikk for å sikre norske interesser. Samarbeidet med Russland, sentrale vestlige land og EU vil bli styrket.

Det vil bli ført en resolutt politikk i kampen mot kriminalitet. Norge vil bidra til bekjempelse av terrorisme og

organisert kriminalitet, bl.a. gjennom et bredt internasjonalt samarbeid. Regjeringens handlingsplan mot menneskehandel for perioden 2005–2008 vil bli fulgt opp aktivt.

Regjeringen vil følge opp stortingsmeldingen om flodbølgekatastrofen i Sør-Asia og sentral krisehåndtering. Det vil bli etablert en krisestøtteenhet som skal støtte lederdepartementet og Regjeringens kriseråd i krisesituasjoner. Regjeringen vil prioritere oppgaven med effektivt å kunne bistå nordmenn i utlandet ved kriser og katastrofer.

Stortingsvalget gav en endret politisk sammensetning av Stortinget. Den nye parlamentariske situasjonen vil kunne endre grunnlaget for det videre arbeid med flere av de bebudede sakene.

Jeg ber Gud velsigne Stortingets gjerning, og erklærer Norges 150. storting for åpnet.

*Melding frå Kongen til Stortinget om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding, lesen av statsråd Knut Arild Hareide.*

I samsvar med Grunnlova gir Kongen denne meldinga til Stortinget om Noregs tilstand og styring i tida etter siste melding.

Førebuingane til FN-toppmøtet om tusenårserklæringa og reformer har prega dette året. Noreg har teke aktivt del i forhandlingane om å styrkje FN's arbeid for fred, menneskerettar og utvikling. Regjeringa har sett det som særleg viktig å arbeide aktivt internasjonalt for å hindre spreiding av masseøydeleggingsvåpen. Dette er eit svært viktig spørsmål sett i lys av den faren som i dag finst for at nye statar og terroristgrupper skal få tilgang til denne type våpen.

På vegner av ei gruppe som yter store bidrag til utviklingssamarbeidet i FN, la Noreg fram eit dokument med konkrete forslag om reformer for FN- innsatsen for utvikling på landnivå. I mai arrangerte Noreg ein internasjonal konferanse om dei integrerte fredsoperasjonane i FN-regi, med vekt på balansen mellom FN's politiske, militære, humanitære og utviklingsretta innsats.

Regjeringa har gitt utviklingssamarbeidet høg prioritet. Det gjeld særleg arbeidet for samarbeid om å fremje tusenårs målet FN har sett seg i kampen mot fattigdom. For 2005 er bistanden fastsett til 0,95 pst. av BNI. Bistand til utdanning, hiv/aids og helse og godt styresett har særleg høg prioritet i utviklingssamarbeidet vårt. Det er lagt fram eit strategisk rammeverk for varig fredsbygging gjennom utviklingspolitiske verkemiddel. Det er også presentert ein ny strategi for rettane til barn og unge og for første gong ein strategi for kultur- og idrettssamarbeid. Regjeringa har sett i gang arbeidet med å gjennomføre Handlingsplan om gjeldslette for utvikling og har arbeidd aktivt for å slette gjelda dei fattigaste landa har til Verdsbanken og IMF. Regjeringa har òg sett ned eit utval som skal greie ut rolla dei frivillige organisasjonane har i utviklingssamarbeidet, og korleis dei medverkar til kampen mot fattigdom.

Regjeringa har ført vidare og forsterka den humanitære innsatsen.

Jordskjelvet i Det indiske havet 26. desember 2004 og den etterfølgjande flodbølga førte til store øydeleggingar og menneskelege lidningar. Regjeringa har til saman løyvt 1,1 milliardar kr i bistand til dei ramma områda, med hovudvekt på Sri Lanka og Aceh-provinsen i Indonesia.

Også Noreg blei hardt ramma av flodbølgekatastrofen. Det er identifisert 84 omkomne nordmenn. Katastrofen viste at det var manglar ved den norske beredskapen for hjelp til nordmenn som blir ramma av katastrofar i utlandet. Regjeringa la på denne bakgrunn i mai 2005 fram ei stortingsmelding om flodbølgekatastrofen i Sør-Asia og den sentrale krisehåndteringa. I meldinga, som fekk brei tilslutning i Stortinget, blir det gjort greie for tiltak for å styrkje evna til å yte hjelp til norske borgarar i utlandet i krisesituasjonar og tiltak for å styrkje krisehåndteringa i departementa.

EØS-samarbeidet har fungert godt. Noreg har teke eit medansvar for å byggje fred og stabilitet i Europa gjennom dei nye EØS-finansieringsordningane. Regelverket er på plass, og det er underskrive rammeavtaler med dei 13 mottakarlanda.

Regjeringa har lagt fram ei stortingsmelding om framtidsutsikter og utfordringar i nord, som fekk brei støtte under drøftinga i Stortinget i juni 2005. Meldinga beskriv dei nye framtidsutsiktene, som først og fremst er knytte til dei store petroleumsreservane som ein reknar med finst på havbotnen. Gjennom utlysinga av 64 blokker i Barentshavet og Norskehavet i den 19. konsesjonsrunden er grunnlaget lagt for ny aktivitet og verdiskaping i nord.

Den økonomiske politikken til Regjeringa er basert på ei gradvis og langsiktig innfasing av petroleumsinntektene i økonomien. Den økonomiske politikken skal samtidig bidra til ei stabil utvikling i produksjon og sysselsetjing. I framlegget til revisjon av 2005-budsjettet la Regjeringa opp til ein reduksjon i bruken av petroleumsinntektene med 1,1 milliardar kr, eit framlegg Stortinget slutta seg til.

Noregs Bank sette opp styringsrenta med 1/4 prosentpoeng først i juli, til 2,0 pst.

Auka rente, høgare oljepris og sterk utvikling i norsk økonomi har ført til at kronekursen har styrkt seg gjennom året. Målt etter konkurransekursindeksen var kursen i juni, juli og august i år i gjennomsnitt 1 1/2 pst. høgare enn i perioden oktober–desember i fjor.

Talet på dei som er registrerte som ledige, held fram med å gå ned. Ifølgje Aetat var det ved utgangen av august registrert 88 100 heilt ledige ved arbeidskontora, som svarer til 3,7 pst. av arbeidsstyrken. Dette er 9 800 færre personar enn på same tid i fjor. Arbeidskraftundersøkinga som Statistisk sentralbyrå har utført for andre kvartal i år, viser at nivået på arbeidsledige er 0,2 prosentpoeng høgare enn for eitt år sidan.

Det samla sjukefråværet har gått kraftig ned og låg 13 pst. lågare i 2004 enn i 2003. Stortinget behandla i mai 2005 framlegget frå Regjeringa om ei pensjonsreform. Ny alderspensjon skal ha ein god sosial profil og bidra til å jamne ut inntektsskilnader. Pensjonsreforma skal stimulere til auka arbeidsinnsats.

Regjeringa ønskjer at mangfaldet av kulturminne i bygder, tettstader og byar skal brukast som grunnlag for levande lokalsamfunn i heile landet, og har lagt fram ei stortingsmelding om kulturminnevern, som Stortinget har behandla.

Arbeidet med å ta vare på norsk natur er blitt ført vidare ved at det er oppretta fleire nasjonalparker, landskapsvernområde og naturreservat. Regjeringa har også sikra 28 nye friluftsområde i strandsona og fått inn Geirangerfjorden og Nærøyfjorden på den prestisjetunge lista over verdas kultur- og naturarv.

Regjeringa presenterte ein handlingsplan for reiselivsnæringa i juli 2005. Planen foreslår ei rekkje tiltak innanfor profilering, innovasjon, kompetanse og samarbeid.

Stortinget behandla i mai 2005 stortingsmeldinga om marin næringsutvikling.

Regjeringa har lagt stor vekt på å byggje ut stamvegstrekingar med stor trafikk til fire felt. Dette er viktig for trafiktryggleiken. Ny bru over Svinesund, som inngår i utbygginga av vegen mellom Oslo og Göteborg, blei opna i juni 2005.

Stortinget behandla i juni 2005 stortingsmeldinga om makt og demokrati. Meldinga gir ein brei gjennomgang av utviklinga og situasjonen for det norske folkestyret i lys av vurderingane frå Makt- og demokratiutgreiinga.

Regjeringa har gjort framlegg om ny lov om offentleg innsyn i forvaltninga for å styrkje offentlegprinsippet og følgje opp den nye § 100 i Grunnlova.

Regjeringa har gjennom ei stortingsmelding, som Stortinget har behandla, drege opp prinsipp og mål for inkludering og deltaking for innvandrarak og etterkommarane deira i det norske samfunnet.

Regjeringa har beslutta å opprette MiSide, ei personleg nettside der innbyggjarane kan få utført tenester elektronisk og få innsyn i opplysningar det offentlege har registrert om dei.

I 2004 auka talet på barn i barnehagar med 8 353, medrekna ein auke på 480 barn i open barnehage. Ved utgangen av 2004 hadde 14 200 fleire barn heiltidsplass enn ved utgangen av 2003.

Det blir no satsa meir på helsetenesta enn nokon gong før. Det er lagt vekt på organisatorisk utvikling av dei regionale helseføretaka for å sikre gode helsetenester. Ventetida før utgreiing og behandling i spesialisthelsetenesta har vore stabil frå første tertial 2004 til første tertial 2005.

Som ein del av Kunnskapsløftet, reforma i grunnskolelæringa, er det utarbeidd ny fag- og timefordeling og nye læreplanar i alle fag i grunnskolen og i fleire fag i vidaregåande opplæring. Det er sett i verk eit monaleg kompetanseløft for skoleleiarar, lærarak og instruktørar.

Det er i 2005 gjennomført ei brei markering av at det i år er 100 år sidan unionen med Sverige blei oppløyst. I tillegg til den sentrale markeringa av stortingsvedtaket 7. juni 1905 er det gjennom året halde ei rekkje sentrale og lokale arrangement med stor oppslutning.

I byrjinga av september var orkanen «Katrina» årsak til store tap av menneskeliv og enorme materielle øydeleggingar i USA. Som uttrykk for solidaritet med offera og assistanse til amerikanske styresmakter har Regjeringa

løyvt 10 mill. kr til hjelpearbeidet. Noreg stilte i tillegg eit fartøy til disposisjon gjennom NATO til transport av nødhjelpsutstyr frå Europa til USA.

Det transatlantiske samarbeidet er ein berebjelke i norsk utanriks- og tryggingsspolitikk. Regjeringa er derfor oppteken av å halde oppe eit nært og godt forhold til våre allierte og ser det som viktig at USA held fram med å vere aktivt engasjert i NATO.

Regjeringa har lagt vekt på aktivt å støtte opp om denne utviklinga for å styrkje den politiske dialogen i alliansen og samarbeidet mellom NATO og FN, EU og andre internasjonale organisasjonar.

Regjeringa har hatt ein god dialog med EU om utanriks- og tryggingsspolitiske spørsmål og ført vidare arbeidet for stabilitet og reformer på Vest-Balkan. I arbeidet med vidare integrering av landa i regionen i det euroatlantiske samarbeidet har ein særleg lagt vekt på reformer innanfor tryggingssektoren.

Noreg har frå 2008 inngått avtale om å delta i ein svenskleidd nordisk innsatsstyrke, som kan stillast til rådvelde for EU og bidra til å styrkje evna til krisehandtering i FN. Med ei revidert avtale med USA om førehandslagring av amerikansk militært materiell i Noreg er vår krisehandteringsevne ytterlegare styrkt.

Regjeringa har arbeidd aktivt for å setje Europarådet betre i stand til å fremje demokrati, godt styresett og respekt for menneskerettane.

Samarbeidet med Russland har i inneverande år blitt ytterlegare styrkt gjennom ei rekkje besøk på politisk nivå. Samarbeidet er særleg omfattande i nordområda, og besøket til statsministeren i Moskva la eit godt grunnlag for ei ytterlegare styrking av dette, særleg når det gjeld utsiktene til eit nært partnerskap med Russland på petrolumssektoren i Barentshavet.

Atomtryggingssamarbeidet er blitt ein viktig del av det bilaterale forholdet mellom Noreg og Russland. Regjeringa har styrkt dette samarbeidet, der Noreg held fram med å spele ei viktig rolle som pådrivar for internasjonal innsats og koordinering.

Regjeringa har ført vidare arbeidet med å fremje demokratiske og marknadsøkonomiske reformer i Sør-Kaukasus, Sentral-Asia og Moldova. Noreg har aktivt støtta dei nye styresmaktene i Ukraina.

OSSE har framleis ei viktig rolle å spele i utviklinga av stabile demokrati, og Regjeringa har derfor teke aktivt del i reformprosessen.

Regjeringa har følgd opp det sterke engasjementet for fred og forsoning. På Sri Lanka har Noreg i perioden særleg arbeidd for å få på plass eit apparat som er i stand til å handtere den humanitære bistanden i etterkant av tsunamien, og medverka til ei vidareføring av våpenkvila. Ein har også søkt å hjelpe partane med å finne grunnlag for å ta opp att dei formelle forhandlingane. På Filippinane har Noreg halde fram med arbeidet som tilretteleggjar av fredsprosessen mellom regjeringa og kommunistrørsla i landet. Noreg har vidareført det aktive arbeidet for fred og konfliktløysing i Afrika.

I Sudan støtta Noreg, USA og Storbritannia i fellesskap aktivt partane under heile fredsforhandlingsproses-

sen som leidde fram til ei fredsavtale. Noreg har fått ei leiande rolle i arbeidet med å setje avtala ut i livet, og arrangerte i april ein internasjonal givarkonferanse. Noreg støttar den FN-leidde styrken i Sudan med observatørar, stabspersonell og sanitet. Noreg har også sagt seg villig til å utplassere norsk personell i NATOs kommandostruktur i samband med støtte frå NATO til fredsopdraget Den afrikanske union har i Darfur.

Irak passerte i januar 2005 ein milepæl, då valet til mellombels nasjonalforsamling blei halde i samsvar med tidsplanen fastsett av FN i resolusjon 1546. Regjeringa har støtta opp om FNs rolle i dette arbeidet. Den norske bistanden til Irak er kanalisert gjennom FN, Verdsbanken og ei rekkje humanitære organisasjonar, mellom dei fleire norske. Nokre norske stabsoffiserar har teke del i den fleirnasjonale styrken i britisk og i polsk sektor. Noreg har også delteke med instruktørar i opplæringa av dei irakiske tryggingstyrkane i NATO-regi, og drive opplæring av irakiske polititenestemenn i Noreg.

Noreg har i dag eit personell på om lag 360 i den NATO-leidde tryggingstyrken ISAF i Afghanistan. Noreg overtok leiinga av eit regionalt stabiliseringsteam i det nordvestre Afghanistan i september 2005. Sommaren 2005 blei det utplassert norske spesialstyrkar for tredje gong i Afghanistan, som eit ledd i kampen mot terrorisme. Afghanistan er samarbeidsland i utviklingssammenheng. Den norske støtta er i 2005 om lag 300 mill. kr. Inntil 10 norske politioffiserar og tre dommarar har frå hausten 2005 teke del i opplæring innanfor afghansk politi og rettsvesen.

I juli 2005 avløyste eit norsk etterretnings- og analyseelement den norske helikoptervengen i NATO-styrken KFOR på Balkan. Noreg deltek også med stabsoffiserar og eit liaisonlag i EU-operasjonen i Althea i Bosnia og med stabsoffiserar i NATO-hovudkvarteret i Makedonia, Kosovo og Bosnia.

Regjeringa har vedteke ein ny handlingsplan mot menneskehandel for perioden 2005–2008.

Regjeringa har ført vidare ein aktiv europapolitikk. Det er gjennomført ei rekkje tiltak for å styrkje samordninga i forvaltninga og i dialogen med ikkje-statlege aktørar, med utgangspunkt i den europapolitiske plattformen til Regjeringa.

Regjeringa har halde fram med arbeidet for best mogleg tilgang for norsk laks til den europeiske marknaden. Den norske laksenæringa og Kommisjonen blei einige om at minstepris skal erstatte mellombels antidumpingavgifter fram til 22. januar 2006, etter at Regjeringa gav uttrykk for at Noreg var budd til å klage antidumpingtiltaka inn for Verds handelsorganisasjonen, WTO.

Forhandlingane i WTO har halde fram det siste året med sikte på å oppnå semje om hovudelementa i ei endeleg avtale i samband med den sjetteministerkonferansen i WTO i Hongkong i desember 2005. Vi arbeider for å sikre våre offensive interesser – særleg når det gjeld spørsmål om lågare toll på industrivarer og fisk, betra marknadstilgang på tenestområdet og å gjere det vanskelegare å misbruke antidumpingtiltak. Samtidig arbeider vi for å bevare handlingsrom til å føre ein nasjonal landbrukspo-

litikk som gjer det mogleg å føre vidare eit levedyktig landbruk.

EFTA har pr. i dag tredjelandsavtaler med 14 land. Regjeringa aukar satsinga på frihandelsavtalene innanfor EFTA. Omsynet til samla norsk verdiskaping blir i størst mogleg grad lagt til grunn for det vidare arbeidet med handelsavtalene og ved val av nye avtaleland innanfor EFTA.

Gjennom Schengen-samarbeidet har Regjeringa teke del i drøftingane om felles utfordringar som er knytte til bl.a. migrasjonskontroll, grensekontroll og ulike former for grenseoverskridande kriminalitet.

Regjeringa har i 2005 også prioritert oppfølginga av FN-toppmøtet i Johannesburg om berekraftig utvikling og den vidare satsinga på områda vatn, energi, landbruk og biomangfald.

Regjeringa har i år teke initiativ til at det blir etablert ein internasjonal frøbank på Svalbard som kan vere med på å sikre den plantegenetiske arven i verda.

Yrkesdeltakinga i Noreg er blant dei høgaste i verda. I 2004 var 72,6 pst. av alle nordmenn i alderen 16 til og med 74 år i arbeid eller søkte arbeid.

Ved utgangen av 2004 var verdien på Statens petroleumsfond 1 011,5 milliardar kr. Marknadsverdien av fondet har auka til 1 184 milliardar kr fram til utgangen av andre kvartal 2005. Av denne auken er 101 milliardar kr netto overføringar til fondet frå løyvingsskapskapen. Den gjennomsnittlege oljeprisen fram til utgangen av august var på 52,5 USD eller 335 kr pr. fat, og den 31. august var oljeprisen på 66,6 USD eller 427 kr pr. fat.

Noregs BNI var i 2004 på 1 695 milliardar kr. Det tilsvarende ein auke på 7,9 pst. frå året før.

Verdiskapinga i Fastlands-Noreg, målt med veksten i bruttonasjonalproduktet i faste prisar, auka med 3,5 pst. frå 2003 til 2004 ifølgje førebels nasjonalrekneskapstal. Det var ei noko svakare utvikling i samla BNP enn i fastlands-BNP i 2004 som følgje av lågare vekst innanfor oljeverksemda og utanriks sjøfart.

Driftsbalansen overfor utlandet viste eit overskott på 228 milliardar kr i 2004. Det er over 27 milliardar kr høgare enn i 2003. Noregs nettofordringar overfor utlandet auka med 254 milliardar kr i 2004.

I første halvår i år var eksport- og importverdien av tradisjonelle varer etter tur 12,5 og 9,3 pst. høgare enn i same perioden i fjor.

Konsumprisindeksen auka med 0,4 pst. frå 2003 til 2004, mens prisveksten utanom energi og avgiftsendingar var 0,3 pst. i den same perioden. I første halvår i år låg konsumprisane 1,3 pst. høgare enn i same perioden i fjor, mens auken justert for avgiftsendingar og utanom energiprisar – KPI-JAE – var på 0,9 prosentpoeng.

Produksjonen av petroleum som kan seljast, nådde i 2004 ein ny topp. Det blei produsert i alt 264 mill. Sm<sup>3</sup> oljeekvivalentar – o.e. – olje, gass og våtgass. Det er 1 mill. Sm<sup>3</sup> o.e. meir enn i rekordåret 2003. Olje, medrekna NGL, stod for 70 pst. av volumet, med ein produksjon på 3,2 mill. fat o.e. pr. dag. Auken var innanfor produksjonen av gass, medan oljeproduksjonen var lågare i fjor enn tidlegare år.

To nye felt, Skirne og Kvitebjørn, blei sette i produksjon i 2004.

Verdien av olje- og gasseksporten var i 2004 i underkant av 340 000 mill. kr. Det er om lag 20 pst. høgare enn i 2003. Nettokontantstraumen til staten frå petroleumsverksemda var i fjor 203 000 mill. kr.

Ved tildeling i førehandsdefinerte område blei i 2004 til saman 28 utvinningsløyve tildelte 21 selskap. Gjennom ei utlysing av 64 blokker i Barentshavet og Norskehavet i den 19. konsesjonsrunden er grunnlaget lagt for ny aktivitet og verdiskaping i nord.

Den samla elektrisitetsproduksjonen var i 2004 på 110,1 TWh, mens elektrisitetsforbruket var på 121,5 TWh.

Gassnova, som har som oppgåve å fremje innovasjonsverksemd for miljøvennlege gasskraftteknologiar, blei oppretta 1. januar 2005.

Olje- og energidepartementet og Samferdselsdepartementet la i august 2005 fram ein strategi for satsing på hydrogen som energiberar innanfor transport og stasjonær energiforsyning.

I 2004 gav Noregs vassdrags- og energidirektorat og Olje- og energidepartementet nye vasskraftkonsesjonar som til saman vil gi ein årleg produksjon på om lag 600 GWh. Av dette utgjer løyve til små kraftverk om lag 270 GWh.

Ei supplering av verneplanen for vassdrag blei vedteken i Stortinget i februar 2005. Verneplanen består no av nærare 390 objekt, med eit samla kraftpotensial på om lag 44 TWh. Ved behandlinga av verneplanproposisjonen vedtok Stortinget å opne for konsesjonsbehandling av mikro- og minikraftverk i verna vassdrag.

Forsvaret har i 2005 vidareført omstillingsprosessen. Nedbemanning og reformering av personellstrukturen i Forsvaret går etter planen. Det er overført ressursar frå støtteverksemd til operativ verksemd. Moderniseringsplanen for Forsvaret blir følgd opp, og arbeidet gir resultat. For ytterlegare å styrkje den operative evna til Forsvaret held effektiviseringa av logistikk- og støtteverksemda fram.

Bygginga av nye fregattar er det største investeringsprosjektet som pågår i Forsvaret, og den andre fregatten av Fridtjof Nansen-klassa blei som planlagt sjøsett i Spania i mai i år.

Stortinget behandla i juni stortingsmeldinga om forskning.

Kapitalen i Fondet for forskning og nyskaping er auka med 3,2 milliardar kr i 2005, til 36 milliardar kr.

Det er utvikla ein strategi for forskings- og teknologisamarbeidet med Nord-Amerika.

På Svalbard er det opna eit nytt marinlaboratorium til bruk for forskning.

Ludvig Holbergs forskingspris blei delt ut for første gong i 2004.

Regjeringa vidareutviklar og styrkjer den heilskaplege tilnærminga til innovasjon og næringsretta forskning som kom til uttrykk i forskingsmeldinga. Næringslivet og kunnskapsmiljøa blir dregne endå sterkare inn i innovasjonssamarbeidet gjennom eit innovasjonsløft. Dette blir

det gjort nærare greie for i Tilstandsrapport for innovasjonspolitikken, som nyleg blei lagd fram.

Nye innovative bedrifter står for ein stadig større del av samla sysselsetjing og verdiskaping. Entreprenørskap og nyskaping er viktig for å sikre omstilling, fleksibilitet og innovasjon i næringslivet. I 2004 hadde vi høg entreprenørskapsaktivitet i Noreg. Veksten har halde fram i 2005, og tal frå Føretaksregisteret for første halvår 2005 viser at det blei etablert over 18 pst. fleire føretak enn i første halvår 2004.

Regjeringa har utropt 2005 til designår for å styrkje marknadsføringa av næringsretta design som verkemiddel i arbeidet med å skape eit nytt og meir innovativt næringsliv.

I statsbudsjettet for 2005 foreslo Regjeringa å etablere nye landsdekkjande såkornfond lokalisert til universitetsbyane. Fonda er eit offentleg-privat samarbeidsprosjekt.

Det er etablert ei byggjelånsгарантиordning for skipsbyggingsindustrien. Ordninga blir administrert av GIEK og blei operativ 1. mars 2005.

Regjeringa vedtok i 2004 at Noreg skal søkje forhandlingar med EU om deltaking i Galileo på EU-sida. Det inneber at norsk romindustri får delta i prosjektet på lik linje med industrien i EU-landa.

Noreg deltok på EXPO 2005 i Aichi i Japan gjennom ein felles nordisk paviljong.

Regjeringa har i forenklingarbeidet prioritert å få til reduksjonar i kostnadene for næringslivet. Regjeringa har i handlingsplanen for Eit enklare Noreg 2005–2009 sett som mål for arbeidet at om ein etterlever regelverket, skal dei administrative kostnadene i næringslivet reduserast med 25 pst. innan utgangen av 2012. Eit av dei viktigaste tiltaka for å nå dette målet er å vidareutvikle Altinn.

I statsbudsjettet for 2005 er det gitt skattelette for reiarlaga for å styrkje konkurransevna innanfor norsk skipsfart, og det er sett ned eit ekspertutval som går igjennom skatteordninga for norske reiarlag.

Skipssikringsutvalet la fram innstilling om revisjon av sjødyktighetsloven i juli 2005.

I februar 2005 blei det inngått avtale med ISS Norge AS om å selje den resterande eigardelen på 52 pst. som staten hadde i Grødegaard AS.

Forvaltninga av eigarskapen i Mesta AS blei overført til Nærings- og handelsdepartementet med verknad frå 1. juli 2005.

Regjeringa legg i det langsiktige tryggleiksarbeidet i alle sektorar til grunn ein visjon om at det ikkje skal skje ulykker med drepane eller livsvarig skadde. I 2004 blei 257 menneske drepne i vegtrafikken, mot 280 i 2003. Tre personar omkom i jernbaneulykker i 2004 og éin i luftfartsulykke.

I arbeidet for trafikktryggleik har ein prioritert tiltak mot møte- og utforkjøringsulykker og ulykker med mjuke trafikantar, særleg tiltak retta mot barn og ungdom. I 2005 er særleg informasjonskampanjane «Bruk bilbelte» og «Stopp og sov» sette i fokus.

Ei ny føraropplæring tok til å gjelde 1. januar 2005. Trafikktryggleiksarbeidet vil bli ytterlegare styrkt ved at ansvarsområdet for Havarikommisjonen for sivil luftfart

og jernbane frå 1. september 2005 blei utvida til også å gjelde vegsektoren.

Innføring av det nye tryggingssystemet for nød-kommunikasjon, GSM-R, på heile det norske jernbanenettet går etter planen, som går ut på at arbeidet skal vere ferdig i 2007. Første fase av utbygginga blei ferdigstilt i 2004.

Strukturen for transportberedskapen blei endra frå 1. juli 2005. Trygging-, sårbarheits- og beredskapsomsyn skal no innarbeidast ved planlegging, utbygging og drift av transportsystemet.

Regjeringa har arbeidd aktivt med å betre kollektivtransporten og redusere bilbruken, særleg i dei største byane. Målet er å auke farten for buss og trikk i hovudstadsområdet med 20 pst. Arbeidet med å nå dette målet går som planlagt.

2004 blei eit svært godt år for jernbanen, med sterk trafikkvekst og økonomisk resultatforbetring både for person- og godstrafikken. NSB AS blei i 2004 kåra til det tredje beste jernbaneselskapet i Europa når det gjeld å vere punktleg i trafikken.

Gjøvikbanen er den første jernbanestrekninga der Samferdselsdepartementet har gjennomført konkurranse om persontransporten. NSB Anbud AS vann konkurransen mot to utanlandske selskap. Konkurransetsetjinga har gitt eit monaleg betre tilbod til lågare kostnad.

Det er inngått avtale med to selskap om drift av Hurtigruten frå Bergen til Kirkenes. Avtala gjeld for perioden 2005–2012 og har ei ramme på 1 899,7 mill. kr.

Etter framlegg frå Regjeringa vedtok Stortinget våren 2005 å avvikle eineretten til Posten Norge AS frå 1. januar 2007.

I 2004 var det også ein sterk vekst i flytrafikken. Etter ein del utfordringar er prosessen med flyttinga av Luftfartstilsynet til Bodø no kommen inn i eit positivt spor. Både denne flyttinga og flyttinga av Post- og teletilsynet til Lillesand er eit viktig ledd i arbeidet til Regjeringa med å ta heile landet i bruk.

For fjerde året på rad er det forhandla fram jordbruksavtale og reindriftsavtale mellom staten og organisasjonane i næringslivet. Regjeringa la fram eigne proposisjonar for dei to avtalene, som fekk tilslutning i Stortinget.

Arbeidet med å desentralisere beslutningsprosessen for sentrale verkemiddel innanfor jord- og skogbruk, bl.a. miljø og næringsutvikling, er ført vidare.

Mattilsynet har i 2005 utført hovuddelen av omstillinga som blei sett i gang 1. januar 2004.

Det blei i februar 2005 inngått avtale mellom Den norske veterinærforening og staten om klinisk veterinær-vakt. Avtala blei følgd opp med ein proposisjon til Stortinget. Etter stortingsbehandlinga er det sett ned eit utval som skal gå gjennom ordninga for klinisk veterinær-vakt.

Stortinget har vedteke ny lov om skogbruk. Skogbrukslovgivinga blir med dette modernisert og forenkla.

Arbeidet med å sikre rammevilkår for ein lønnsam fiskeflåte er ført vidare. Det er innført strukturkvotar for havfiskeflåten og for kystfiskeflåten for fartøy over 15 meter. Strukturfondet for kondemnering av fartøy under 15 meter og prøveordninga med driftskvotar for kystflåten er vidareført i 2005.

Ordninga med garanterte fartøykvotar i torskefiskeria er ført vidare, og ho er utvida til også å gjelde andre fiske-slag.

Noreg og EU vidarefører arbeidet med å betre fangst-mønsteret for botnfisk i Nordsjøen. Partane er einige om forvaltningsstrategiar for sei, torsk, hyse og raudspette, som fastset nivået på bestanden og tiltaksgrenser som grunnlag for fastsetjing av kvotar.

For å auke bestanden av norsk kysttorsk innførte Fiskeri- og kystdepartementet frå 1. mai 2004 ulike vernetil-tak for å avgrense yrkesfiske og fritidsfiske av kysttorsk. Disse vernetil-taka er vidareførte i 2005. Det er også opp-retta ei arbeidsgruppe som består av forskarar, fiskarar og forvaltarar, som skal sjå på fiske og vern av norsk kyst-torsk.

Ordningane frå 2004 med fritt fiske etter kongekrabbe vest for 26° A, kombinert med eit forbod mot utkast, er vi-dareførte. Forvaltninga av krabben vest for denne grensa har som hovudmål å halde bestanden på eit lågmål for å avgrense vidare spreining.

Det er gjort ein omfattande innsats i det forpliktande kontrollsamarbeidet med EU som er knytt til pelagisk fiske, og med Russland når det gjeld fisket i Barentshavet, der ein frå norsk side prøver å vere ei drivande kraft for utviklinga av samarbeidet.

Havressurslovutvalet leverte si innstilling i juni 2005.

I revidert statsbudsjett 2005 blei det sett av midlar til utvikling av MAREANO, eit omfattande program som har som mål å kartlegge og gjennomføre grunnleggjande studiar av det fysiske, biologiske og kjemiske miljøet på havbotnen.

Internasjonalt har Noreg fått svært godt gjennomslag for initiativ som er teke for å styrkje rolla til dei regionale fiskeriforvaltningsorganisasjonane og integrere omsyn til økosystemet og biomangfaldet i verkefeltet til desse organisasjonane.

Stortinget har vedteke ny lov om akvakultur.

I 2004 eksporterte Noreg fisk og fiskeprodukt for 28,2 milliardar kr, som er ein auke på 1,9 milliardar kr frå 2003. Av dette utgjorde eksport av oppdrettslaks og -aure 12,3 milliardar kr. Produksjonen av laks og aure auka med 13 000 tonn i 2004 samanlikna med 2003.

Stortinget behandla i mai stortingsmeldinga om trygg-leik på sjøen og oljevernberedskap.

Regjeringa har slutført dei viktigaste punkta i hand-lingsplanen for styrking av konkurransepolitikken. Stor-tinget behandla i mai 2005 ei stortingsmelding om konkurransepolitikken.

Portalen Norge.no blei relansert av moderniseringsmi-nisteren i juni 2005. Norge.no er ein informasjons- og te-nesteportal som er utforma med utgangspunkt i dei beh-va innbyggjarane har, der kommune og stat blir oppfatta som ein heilskap.

Regjeringa har vedteke at alle statlege verksemdar skal gjere bruk av ei felles offentleg løysing for elektronisk signatur, for å kunne tilby avanserte elektroniske tenester til brukarane.

Strategiplanen eNoreg 2009 blei lagd fram i juni 2005. eNoreg 2009 formulerer og synleggjer IT- politikken og

er handlingsorientert, med mål som er tydelege og kan etterprøvast.

I samband med arbeidet med etiske retningslinjer for statsforvaltninga er det utarbeidd reglar som gjeld karantene og saksforbod ved overgang mellom visse typar stillingar.

For å bidra til eit arbeidsliv som fungerer betre, er regelverk som gjeld statstilsette, harmoniserte med den nye arbeidsmiljølova.

Lov om visse forhold som gjeld dei politiske partia, blei vedteken i juni 2005. Lova sikrar publikum betre innsyn når det gjeld dei inntektene dei politiske partia har, og ho tok til å gjelde 1. juli 2005.

Regjeringa la fram ein handlingsplan for modernisering i juni 2005. Dette vil gi borgarane større valfridom og eit enklare møte med det offentlege og samtidig frigjere ressursar til gode velferdsløysingar.

Viktige delar av skatterforma er no vedtekne med m.a. nye reglar for skatt på aksjeinntekter. Skatterforma vil gi eit betre skattesystem, som vil medverke til auka verdiskaping, m.a. ved at det blir meir lønnsamt å arbeide.

Regjeringa har arbeidd for å tilpasse rammevilkåra for finans- og verdipapirmarknadene til utviklinga innanfor ein felles europeisk marknad og for å sikre nødvendig tilitt og stabilitet. Det er m.a. vedteke nye lovreglar om pensjonsføretak, livsforsikring, forsikringsformidling, sikringsordning for skadeforsikring, finansgrupper, utferdning av pantesikra obligasjonar, betalningar på tvers av landegrensene, marknadsmisbruk i verdipapirmarknaden, prospektkrav og kontroll med rekneskapane til børsnoterte føretak.

Det er vedteke endringar i rekneskapslovgivinga som legg til rette for å føre årsrekneskap i samsvar med internasjonale rekneskapsstandardar.

Stortinget har vedteke ei omfattande ny lov om mekling og rettgang i sivile saker, som skal fremje rettstryggleik og effektivitet i den sivile rettspleia.

Noreg har styrkt menneskerettane ved å slutte seg til protokoll nr. 13 i Den europeiske menneskerettskonvensjonen, om avskaffing av dødsstraff, og protokoll nr. 14, om endring av kontrollsystemet i konvensjonen. Protokollane er inkorporerte i menneskerettslova.

På grunnlag av utgreiingar frå Samerettsutvalet og framlegg frå Regjeringa har Stortinget vedteke lov om forhold som gjeld retten til grunn og naturressursar i Finnmark fylke og forvaltninga av dei.

Regjeringa har lagt fram ei stortingsmelding om kva rolle og oppgåver politiet skal ha.

Regjeringa har i lys av hendingane dei siste åra styrkt innsatsen for forebygging av og kampen mot organisert kriminalitet og terror. Det er m.a. lagt ned mykje arbeid i samband med etterforskning og iretteføring av NOKAS-saka. Det er vedteke reglar som tillèt politiet å ta i bruk nye metodar, som romavlytting og bruk av tvangsmiddel, for å hindre alvorleg kriminalitet. Det er også oppretta eit nytt særorgan – Nye Kripos – og eit nasjonalt statsadvokatembete som skal gjere kampen mot alvorleg og organisert kriminalitet meir slagkraftig.

Etter framlegg frå Regjeringa har Stortinget vedteke utbygging av eit nytt digitalt radiosamband for nød- og beredskapssetatane. Første utbyggingsområde er i politidistrikta Follo, Romerike, Oslo, Asker og Bærum, Søndre Buskerud og Østfold.

Regjeringa har lagt fram Handlingsplanen mot barne- og ungdomskriminalitet for perioden 2005–2008.

Stortinget behandla i april 2005 ei stortingsmelding om erstatningsordningar for krigsbarn og romanifolk/taterar og for eldre kvenar og samar som ikkje har fått den utdanninga dei har hatt krav på.

Regjeringa har sett i gang eit arbeid for å styrkje situasjonen for offer og pårørande i straffesaker.

Det internasjonale samarbeidet mot datakriminalitet er styrkt ved at Noreg har slutta seg til Europarådkonvensjonen mot datakriminalitet og gjennomført han i lovgivinga.

Det blei gjennomført ei sivilt leidd redningsøving på Finnmarkskysten i september 2005, Barents Rescue, med brei nasjonal og internasjonal deltaking og militær støtte frå Russland, Sverige, Finland, Danmark, Storbritannia og Noreg. Dette er den største sivilt leidd øvinga i sitt slag som nokon gong har vore gjennomført i Norden.

Kommunesektoren har gjennomgått store endringar dei siste åra. Regjeringa moderniserer kommunesektoren først og fremst ved å gi gode rammevilkår, auka lokal handlefridom og føreseielege forhold. I tillegg har Regjeringa sett i gang ei rekkje omstillings- og utviklingsprosjekt som skal leggje til rette for robuste kommunar som skal kunne møte dei behova og ønska som innbyggjarane har.

Kommunal- og regionaldepartementet og KS sette hausten 2003 i gang prosjektet «Framtidas kommunestruktur – kommunar med ansvar for eiga utvikling», der alle kommunane gjennom regionale prosessar og konsekvensutgreiingar vurderte endringar i kommunestrukturen. Prosjektet blir leidd av KS, og blei for kommunane avslutta med kommunestyrebehandling sommaren 2005.

Det er gjort endringar i utlendingslova som mellom anna inneber at departementet no kan gi generelle instruksar til Utlendingsdirektoratet.

Som ei følgje av at talet på personar som søker asyl i Noreg har gått kraftig ned dei to siste åra, er mange mottak for asylsøkjjarar lagde ned. For å betre tilbodet til asylsøkjjarar med særskilde hjelpebehov er det oppretta fire forsterka mottak eller mottaksavdelingar.

Stortinget har vedteke ei lov med forbod mot diskriminering på grunn av etnisitet, nasjonalt opphav, avstamning, hudfarge, språk, religion og livssyn.

Stortinget har vedteke ei ny lov om statsborgarskap, som vidarefører og understrekar prinsippet om at den enkelte berre skal ha eitt statsborgarskap.

Nykomne innvandrarak fekk frå 1. september 2005 rett og plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap.

Regjeringa har lagt fram miljøhandlingsplan for bustad- og byggsektoren for 2005–2008.

Stortinget har etter framlegg frå Regjeringa vedteke lovregulering av utbyggingsavtaler.

Hovudtyngda av dei nye burettslovene tok til å gjelde 15. august i år.



Bygningslovutvalet har lagt fram den andre og avsluttande delutgreininga. Utvalet har gjennomført ein total gjennomgang av bygningslovgivinga.

Regjeringa og Sametinget har inngått avtale om konsultasjonar i saker som direkte kan få noko å seie for samane som urfolk. Avtala er i tråd med folkerettslege forpliktingar.

Den regjeringsoppnemnde Distriktskommisjonen leverte innstilling i oktober 2004. Utgreininga var eit viktig innspel til stortingsmeldinga om regionalpolitikken, som blei behandla i Stortinget i juni 2005.

Regjeringa dobla fondskapitalen til Norsk kulturminnefond, frå 200 mill. kr til 400 mill. kr, i revidert nasjonalbudsjett 2005. Det er eit første steg i den varsla opptrappinga av fondet.

Lova om klimakvotar tok til å gjelde 1. januar 2005. Med dette har Noreg eit tilnærma heilskapleg verkemiddelapparat for klimagassutslepp.

Det er vedteke ny lov om eigedomsregistrering.

Regjeringa har i arbeidet med ein heilskapleg forvaltningsplan for Barentshavet og havområda utanfor Lofoten gjennomført eit omfattande utgreiingsarbeid og breie konsultasjonar overfor dei interessegruppene det gjeld.

Regjeringa har retta ein særleg innsats mot utslepp av miljøgifter. Nye handlingsplanar mot kvikksølv og perfluoroktanylsulfonat har styrkt innsatsen mot desse miljøgiftene.

Regjeringa har sett i gang ein prosess for å kartleggje miljøverdiar på skogareal som er eigde av Opplysningsvesenets fond, med sikte på vern.

Regjeringa har følgd opp rovviltmeldinga i tråd med forliket i Stortinget.

Regjeringa har sett i gang arbeid med å kartleggje verkemiddel som kan redusere bruken av trevirke frå truga tropisk regnskog.

I juni 2005 blei stortingsmeldinga om erstatningsordningar for barn i barneheimar og spesialskolar for barn med åtferdsvanskar behandla i Stortinget.

Regjeringa presenterte i mai ein strategiplan mot seksuelle og fysiske overgrep mot barn for perioden 2005–2009. Planen inneheld 22 tiltak.

Rettleiaren Formidling av opplysningar og samarbeid der barn blir utsette for vald i familien, blei lagd fram i juni 2005.

Regjeringa kom i juni 2005 med framlegg til endringar i barnelova om m.a. styrking av meklingsordninga, tiltak for å verne barn mot overgrep, indeksregulering av tilbakebetalt barnebidrag m.m.

Regjeringa gjorde i juni 2005 framlegg om å innføre plikt for skolar til å melde frå til trygdekantoret om barn som har fråvær som kjem av utanlandsopphald, og framlegg om innstramming av retten til barnetrygd ved utanlandsopphald.

Fedrekvoten i fødselspengeordninga er utvida frå fire til fem veker frå 1. juli 2005. Utvidinga er ei forlenging av den totale stønadsperioden ved fødsel og adopsjon.

Frå 1. juli 2005 er kontantstøtteordninga endra slik at foreldre som adopterer, har rett til kontantstøtte i to år uavhengig av aldersgrensa på tre år, så lenge barnet er i

førskolealder. Adoptivforeldre har dermed fått same valfridom som andre foreldre.

Regjeringa kom i juni 2005 med framlegg til ei forenkling og forbetring av fødselspengeordninga.

FNs kvinnekonvensjon er blitt inkorporert i likestillingslova med verknad frå 1. juli 2005. Formålet med dette er å gi Kvinnekonvensjonen ein sterkare rettsleg status i Noreg som eit sentralt menneskerettsinstrument i kampen mot diskriminering og for å oppnå likestilling.

For å stå betre rusta til å møte ein eventuell pandemisk influensa har Stortinget løyvt 210 mill. kr ekstra. Det internasjonale samarbeidet på helseberedskapsområdet er også styrkt.

Regjeringa la i mars i år fram ei stortingsmelding om legemiddelpolitikken.

Dei sentrale kvantitative måla i Opptrappingsplanen for psykisk helse er i ferd med å bli nådde. Det er gitt signal til tenesteapparatet om behovet for auka satsing på dei kvalitative aspekta.

Investeringsnivået i sjukehussektoren er høgt. Det vil bidra til eit godt og tidsmessig sjukehusstilbod.

Regjeringa har sett i gang ei brei evaluering av sjukehusreforma som skal gi ei heilskapleg vurdering av korleis helseføretaksmodellen verkar, kor eigna han er, og kva resultat han har gitt.

Lønnsoppgjera i 2005 var i dei fleste tariffområda oppgjer for det andre avtaleåret. Forhandlingane mellom LO og NHO blei gjennomførte som eit samordna oppgjer, og det blei semje om eit generelt tillegg og i enkelte område eit lågtlønstillegg. Rammene i oppgjeret mellom LO og NHO blei i hovudsak følgde i dei andre oppgjera, og i dei fleste oppgjera blei partane samde i forhandlingane.

I drøftingane om pensjonsreguleringa mellom staten, Norsk Pensjonistforbund, LO og Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon blei det semje om ei regulering av grunnbeløpet i folketrygda frå 1. mai 2005.

Stortinget vedtok i mai 2005 framlegget frå Regjeringa til ny arbeids- og velferdsforvaltning. Det skal opprettast ein ny statleg arbeids- og velferdsetat, og dagens trygdeetat og Aetat vil bli nedlagde. Det skal vidare etablerast ei felles førstelinjeteneste i samarbeid mellom stat og kommune, med eit arbeids- og velferdskontor i kvar kommune.

Regjeringa har følgd opp forpliktingane i forhold til oppfølging av intensjonsavtalen om eit meir inkluderande arbeidsliv.

Regjeringa har ført vidare og trappa opp den særlege innsatsen for å forebygge fattigdom og å hjelpe personar ut av fattigdom. Arbeidsretta tiltak for langtidsmottakarar av sosialhjelp og innvandrarak, oppfølgingstenester for bustadlause, tiltak mot fattigdom mellom barn og unge i større bysamfunn og tiltak for barnefamiljar er mellom dei innsatsområda som er styrkte i 2005. Gjennom strategien «På vei til egen bolig» har Regjeringa utvida arbeidet for å førebygge og få bukt med bustadløysa.

Regjeringa har styrkt innsatsen overfor personar som har behov for yrkesretta attføring for å komme i jobb, med ei medviten opptrapping av attføringsinnsatsen som er retta mot definerte målgrupper, som sosialhjelpmottaka-

rar, uførepensjonistar og personar med psykiske lidningar, og innanfor arbeidsmarknadstiltaket «Varig tilrettelagt arbeid».

Stortinget har vedteke ny lov om arbeidsmarknadstjenester.

Ein statusrapport om rusmiddelsituasjonen viser at det er sett i gang mange og ulike tiltak under Regjeringa sin handlingsplan mot rusmiddelproblem 2003–2005. Regjeringa har lagt fram ein ny handlingsplan mot rusmiddelproblem som skal gjelde for 2006–2008.

Regjeringa har trappa opp arbeidet for likestilling og auka tilgjenge for funksjonshemma.

Stortinget behandla i juni framlegg frå Regjeringa til lov om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern. Eit inkluderande arbeidsliv og vern av helse og tryggleik for arbeidstakarane er dei overordna omsyna i lova. Etter stortingsbehandlinga har Regjeringa sett i gang ei utgreiing om ytringsfridommen dei tilsette har. Regjeringa har også teke initiativ til ei nærare utgreiing av spørsmål som er knytte til skift- og turnusarbeid, og er i dialog med partane i arbeidslivet om dette.

Med utgangspunkt i at lov om allmenngjering av tariffavtaler no er teken i bruk, og at Tariffnemnda har behandla dei to første sakene om allmenngjering, pågår det ei evaluering av den norske allmenngjeringsordninga.

Arbeidstilsynet og Petroleumstilsynet har intensivert innsatsen overfor utanlandske arbeidstakarar etter EU-utvidinga. Det er løyvt monalege ressursar til dette arbeidet, seinast i samband med revidert nasjonalbudsjett 2005.

Regjeringa har etablert eit nært samarbeid med partane i arbeidslivet for å drøfte konsekvensar av EØS-utvidinga og behovet for eventuelt andre tiltak og verkemiddel med omsyn til lønns- og arbeidsvilkår.

Noreg var i mai 2005 vertskap for den fjerde ministerkonferansen innanfor Bologna-prosessen, eit samarbeid mellom 45 land der målet er å skape eit felles europeisk område for høgare utdanning innan 2010.

Noreg har vedteke å delta i felles rammeverk, Europass, for dokumentasjon av kvalifikasjonar og kompetanse i Europa. Utdanningsdirektoratet er utpeikt som nasjonalt Europass-senter.

Det er vedteke ny felles lov for statlege og private høgare utdanningsinstitusjonar. Den nye lova gir eit heilskapleg rammeverk for offentleg godkjend høgare utdanning.

Som oppfølging av arbeidet med å modernisere Statens lånekasse for utdanning er det vedteke ny lov om utdanningsstøtte. Lova legg til rette for ei forenkling av regelverket for Lånekassa og auka automatisering av saksbehandlinga.

Innanfor rammene for kyrkjeordninga er Den norske kyrkja prega av eit omfattande reform- og utviklingsarbeid som tek sikte på å gi kyrkja ei meir rasjonell forvaltning og fornya liturgisk liv.

Oppslutninga om verksemda innanfor kyrkja er stabil både når det gjeld medlemstal og deltaking i gudstjenester og kyrkjelege handlingar.

Regjeringa har lagt fram ei stortingsmelding om økonomien i Den norske kyrkja.

Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design har teke i bruk ein ny utstillingspaviljong på Tullinløkka i Oslo. Nytt museumsbygg ved Eidsvoll 1814, Wergelands hus, blei opna i mai 2005.

Nobels Fredssenter blei opna på Vestbanen i Oslo i juni 2005.

Nasjonalbiblioteket flytte i august 2005 inn i rehabilitert bygning på Drammensveien i Oslo. Nybygg ved Riksarkivet og Statsarkivet i Oslo blei opna i september 2005.

Stortinget har vedteke endringar i samelova og stadnamnlova.

Regjeringa har vedteke at kvensk skal reknast som eige språk.

Stortinget har ved behandlinga av stortingsmeldinga om kultur og næring slutta seg til hovudtrekka i meldinga.

Det er sett i gang ein gjennomgang av dei filmpolitiske verkemidla og ei kartlegging og vurdering av den norske filmbransjen.

Endringar i åndsverklova som skal tilpasse lova meir til den digitale teknologien, tok til å gjelde 1. juli 2005.

Det er lagt fram ein odelstingsproposisjon om endring i lotterilova med sikte på m.a. å gjere det lettare å handheve forbodet mot pyramidespel.

Regjeringa har begynt arbeidet med å opprette eit eige register for frivillige for å få til ei ordning som kan forenkla dei administrative oppgåvene for frivillig sektor og for dei offentlege aktørane på området.

Det er for 2005 fordelt midlar av overskottet frå Norsk Tipping til idrettsformål med 1 200 mill. kr og til kulturformål med 400 mill. kr.

Av fordelinga til idrettsformål er det sett av 671 mill. kr til idrettsanlegg, 349 mill. kr til Norges Idrettsforbund og Olympiske Komité, 120 mill. kr til direkte støtte til arbeid for barn og unge i lokale lag og foreningar og 60 mill. kr til andre idrettsformål. Av fordelinga til kulturformål er det sett av 160 mill. kr til Den kulturelle skolesekken, 120 mill. kr til kulturbygg og 120 mill. kr til frifond.

**Presidenten** mottok på Stortingets vegne de oppleste dokumenter og uttalte:

Deres Majesteter, Deres Kongelige Høyhet!

Det 150. storting, som Deres Majestet i dag har åpnet, er det første i en ny valgperiode.

Stortinget åpnes i et jubileumsår der vi har markert 1905 som en milepæl i det norske folkestyret. Men året er ikke bare en milepæl for folkestyret. Også vårt monarki fyller hundre år i høst. På vegne av Stortinget tillater jeg meg derfor å gratulere Deres Majesteter og hele den kongelige familie med dette jubileet.

Som trontalen gir et godt bilde av, er det mange oppgaver å ta tak i i ulike samfunnssektorer og på ulike områder i vårt land. Men om utfordringene er mange, er de ikke uoverstigelige. Vår generasjons politikere har større muligheter til å gjøre noe med de utfordringer som ligger foran oss, enn hva tidligere generasjoners politikere hadde. Hvis vi evner å bruke mulighetene, kan vi komme noen skritt videre til det som er et mål for oss alle: et trygt samfunn som gir grunnlag for vekst og framgang, og en livsutfoldelse som ikke går på bekostning av andre, men som

bygger på fellesskapets verdier om å ta vare på hverandre. I dette forvalter vi en arv fra våre forgjengere i Stortinget.

Millioner av mennesker verden over møter en annen og langt hardere virkelighet enn vår.

Stortinget går til sin gjerning i en tid der miljøkatastrofer, fattigdom og terrorisme setter sitt forferdelige preg på store deler av verden. Det gjør sterkt inntrykk på oss alle å se bildene fra jordskjelvområdene i Asia og orkanenes herjinger på det amerikanske kontinent. Vi vet at mange her i landet venter på nytt om familie og venner i Pakistan. Jeg vil gi uttrykk for at vi føler med dem og de mange tusen som er hardt rammet av jordskjelvet.

Med 73 nyvalgte representanter får vi en betydelig fornyelse av Stortinget. Sammen skal de nyvalgte og de gjenvalgte representanter bidra til å utvikle et effektivt og beslutningsdyktig arbeidsfellesskap.

Valgkampen og valgresultatet har også ført til at det for første gang siden begynnelsen av 1980-tallet blir en klar flertallskonstellasjon i Stortinget. Det gir regjeringen større mulighet til å gjennomføre sin politikk, og velgerne kan lettere plassere ansvaret for om det som ble lovet i valgkampen, virkelig blir satt ut i livet. Jeg er sikker på at Stortinget vil følge nøye med på om løftene i forhold til dem som har aller minst, blir innfridd.

Demokrati betyr at flertallet bestemmer, men ikke uten å ta hensyn til mindretallet. Det har vært tradisjon i Norge for å finne brede løsninger i skjæringspunktet mellom regjering og opposisjon, der det er mulig. På den måten kommer de interesser og den kompetanse som de ulike partigruppene representerer, til sin rett, og resultatet blir best mulig for landet.

Dagens folkevalgte møter et velfungerende parlamentarisk system. Uttrykket «all makt i denne sal» beskriver innholdet i parlamentarismen, at regjering og storting mø-

tes i stortingssalen for sammen å komme fram til beslutningene.

Det er imidlertid et faktum at aktører utenom denne sal – både internasjonalt og nasjonalt – har økt sin makt og innflytelse. Ideelt sett burde det derfor være et mål for oss alle å flytte makt tilbake til det folkevalgte organ, til stortingssalen, samtidig som vi gjør oss sterkere gjeldende i internasjonale organer for å kunne påvirke utviklingen.

I den kommende fireårsperioden skal Stortinget ta stilling til flere grunnlovsforslag som legger opp til betydelige endringer i vår konstitusjonelle praksis. Behandlingen av disse forslagene vil gi anledning til å drøfte viktige prinsipper for vårt folkestyre.

I forvissning om at representantene vil gjøre sitt ytterste for å løse de mange og store oppgavene som ligger foran oss, og i sterk tro på at hele Stortinget ser utover landets grenser til alle dem som lider nød, og som rammes av vold, undertrykkelse og naturkatastrofer, samler vi oss i det gamle og gode ønske:

Gud bevare Kongen og fedrelandet!

Stortingets øvrige medlemmer istemte dette ønsket, og alle de tilstedeværende sang deretter første vers av fedrelandssangen, «Ja, vi elsker».

Hans Majestet Kongen, Hennes Majestet Dronningen og Hans Kongelige Høyhet Kronprinsen med følge forlot deretter stortingssalen, ledsaget av den deputasjon som hadde fungert ved mottakelsen.

**Presidenten:** Presidenten vil foreslå at Hans Majestet Kongens tale og beretningen om rikets tilstand og bestyrelse utlegges for behandling i et senere møte – og anser det for vedtatt.

Møtet hevet kl. 13.45.

---